



## MØTEPROTOKOLL VALSTYRET

**Møtedato:** 21.04.2016  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 08:30 - 09:45

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Utvalsleiar
Sigmund Simmenes	SP	Nestleiar
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Heidi Rongved	AP	Magne Hestad

---

### Andre møtande:

Politisk sekretær Sølvi Legård

---

## Saksliste

SAKSNR    TITTEL

---

05/2016    GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

06/2016    UTFORMING AV RØYSTESEDDEL

07/2016    DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



**05/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Valstyret 21.04.2016**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**VAL - sak 05/2016 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**06/2016: UTFORMING AV RØYSTESEDDEL**

**Valstyret 21.04.2016**

**Behandling:**

Følgjande framlegg til røystegrunnlag frå ordførar vart lagt fram i møtet:

Alternativ 1: **Vaksdal kommune skal halda fram som eigen kommune utover 01.01.2020**

Alternativ 2: **Vaksdal kommune saman med Bergen kommune.**

Vaksdal kommune inngår ein intensjonsavtale med Bergen og eventuelt Osterøy om samanslåing f.o.m. 01.01.2020 på følgjande vilkår:

- a. Det er eit vilkår at Bergen gjenreiser eit reelt bydelsdemokrati der Vaksdal vert ein del av Arna bydel
- b. Vaksdal kommune skal justera eigne kommunegrenser i indre strøk etter inndelingslova. Folkerøysting om dette skal haldast i høve stortingsvalet 2017.

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes om nytt punkt b):

Vaksdal kommune skal halde folkerøysting om justering av kommunegrenser i indre strøk , etter inndelingslova, i samband med stortingsvalet 2017.

Framlegget frå Eirik Haga samrøystes vedteke med endringa frå Kjartan Haugsnes.

Det vert i tillegg informasjon om framgangsmåten for røystinga på røystesedlane, herunder informasjon om at hvis ein ikkje krysser på nokon av alternativa blir dette oppfatta som ein blank seddel og hvis ein krysser i begge felt, blir seddelen forkasta.



## Vaksdal kommune

### VAL - sak 06/2016 Vedtak:

Valstyret vektek at følgjande røystegrunnlag skal stå på røysteseddelen:

Alternativ 1: **Vaksdal kommune skal halda fram som eigen kommune utover 01.01.2020**

Alternativ 2: **Vaksdal kommune saman med Bergen kommune.**

Vaksdal kommune inngår ein intensjonsavtale med Bergen og eventuelt Osterøy om samanslåing f.o.m. 01.01.2020 på følgjande vilkår:

- a. Det er eit vilkår at Bergen gjenreiser eit reelt bydelsdemokrati der Vaksdal vert ein del av Arna bydel
- b. Vaksdal kommune skal halde folkerøysting om justering av kommunegrensar i indre strok , etter inndelingslova, i samband med stortingsvalet 2017

---

### 07/2016: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

#### Valstyret 21.04.2016

##### Behandling:

- Framlegg til informasjon på baksida av valkortet var utsendt til møtet på epost. Valstyret godkjende dette samrøystes.
- Røystestyre: Alle medlemmene i røystestyra har fått melding om at dei er valde. Sekretariatet har motteke forfall frå ein del av dei. Spesielt i eitt røystelokale kan det bli ei utfordring med for få medlemmer. Sekretæren får då fullmakt til å oppnemna t.d. tidlegare røystestyremedlemmer, i samråd med leiaren i røystestyret.
- Det vart gitt informasjon om manntal samt trykking av røystesedlar og valkort.
- Behandling av brevøyster: Brevøyster som kjem inn vert å behanda/godkjenna etter at alle vallokala er stengde - når ordinære valtingsrøyster er optalde.

### VAL - sak 07/2016 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

---